



Eirik Moe  
Helleveien 237 C  
5039 BERGEN

Referanser: Saksbehandlar: Dato:  
Dykker: Knut Bjørnevoll 12.09.2017  
Vår: 17/1256 - 17/25981 KBJ@lindas.kommune.no

## Løyve til oppføring av naust - gbnr 62/65 Tofting

### Administrativt vedtak. Saknr: 415/17

Tiltakshavar: Hans Petter Moe

Ansvarleg søker:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med kaifront, der bruksareal (BRA) er opplyst til å vera 35 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca.45 m<sup>2</sup>.

Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter pbl § 1-8 vart godkjent 31.08.2017 .

Det vert elles vist til søknad motteken 21.04.2017 og supplert 15.06.2017 og 18.07.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då den var mottatt 21.04.2017. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til Hans Petter Moe ved brev av 04.05.2017, der tilleggsdokumentasjon vart etterspurd.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 15.06.2017 og 18.07.2017 der det også vart bedt om at byggesøknad ikkje vert handsama før dispensasjonsspørsmålet er avklart.

### Planstatus

Plan for hytter på Toftingeset (disposisjonsplan, 1969) er gjeldande detaljplan for området.

Med dei unøyaktige og fleirtydige dokumenta som denne planen innehold, legg vi til grunn at oppføring av naust på tomt som er frådelt etter planen, er i samsvar med arealføremålet «nøst» i planen.

Sidan verken kommuneplanen eller detaljplanen planen viser byggegrense mot sjø, gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, jf uttale frå departementet.

### Dispensasjon

Dispensasjon frå det generelle byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen ligg føre.

## **Forholdet til anna lovverk**

Søknaden om løyve tiltak vart saman med dispensasjonsvedtaketsendt over til Bergen og Omland Havnevesen for uttale eller vedtak etter særlov.

Vedtak vart gjort den 08.09.2017:

### **Vedtak**

Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 27 første ledd har Bergen og Omland havnevesen fattet følgende vedtak:

**Det gis tillatelse til oppføring av naust på 5 x 8 meter, samt oppføring av kai på 5 x 1,08 meter på gnr.62 bnr.65, i Lindås kommune, med mål og plassering som vist av inntegning i vedlagt kartutsnitt, som er stemplet godkjent av Bergen og Omland Havnevesen. Tiltaket eller bruken av dette må ikke hindre tilflott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer.**

Vidare i vedtaket er det teke inn standardvilkår som gjeld flytebrygge, men flytebrygge vart teken ut av den opprinnelige søknaden og er ikkje med i nokon av vedtaka i saka frå kommunen eller hamnevesenet..

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt revidert søknad motteken 15.06.2017.

## **Prvatrettsleg - tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Det ligg føre tinglyst parkeringsrett på eigarane si hyttetomt gnr 62/45 og tinglyst vegrett over gnr 62/3.

Naboerklærng for oppføring av naust inntil tomtegrensa ligg ved.

## **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## VURDERING

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av naust med kaifront på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 15.06.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Med heimel i pbl § 23-1 vert det gjort unntak for krav om ansvar og kontroll, fordi tiltaket har liten teknisk vanskegrad.**
3. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen med søknad om ferdigattest.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1256**

### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hans Petter Moe

**Mottakarar:**

Eirik Moe  
Hans Petter Moe

Helleveien 237 C 5039  
Flaktveitvegen 390 5134

BERGEN  
FLAKTVEIT